



ÅRSPLAN RONES BARNEHAGE 2026-2027

INNHALDSLISTE

Barnehagen vår	s. 3
Avdelingar og tilsette	s. 4
Foreldresamarbeid	s. 5
Visjon Rones barnehage	s. 6
Barnehagen sitt verdigrunnlag	s. 6
Demokrati	s. 6
Mangfald og gjensidig respekt	s. 6
Likestilling	s. 7
Berekraftig utvikling	s. 7
Livsmeistring og helse	s. 7
Omsorg	s. 7
Leiken	s. 8
Læring	s. 9
Satsingsområde for Rones barnehage	s. 9
Kollektiv kompetanseutvikling – autoritative voksne	s. 9
Vaksenrolla	s. 9
Felles satsingsområde med Sogndal kommune	s. 10
Leik	s. 10
Digital praksis	s. 11
Trygt og godt	s. 11
Språk, språkutvikling og høgtlesing	s. 12
Trafikksikker barnehage	s. 13
Fagområda i rammeplan for barnehage	s. 13
Dei yngste barna i barnehagen	s. 17
Overgangar	s. 18
Dei eldste barna i barnehagen – overgang barnehage/skule	s. 18
Progresjon	s. 20
Foreldredeltakingsplan for Rones barnehage	s. 21

BARNEHAGEN VÅR

Rones barnehage er ein privat foreldredriven barnehage organisert i eit SA der alle foreldre som har barn i barnehagen er medlem. Barnehagen har fire avdelingar med plass til barn i alderen 1-6 år. Vi har to småbarnsavdelingar; Stubben og Kongla, og to storbarnsavdelingar; Knuppen og Kvisten.

Drifta og organiseringa av barnehagen vert organisert etter Lov om barnehage, Rammeplan for barnehagar, Rones barnehage sine vedtekter, drift-/samarbeidsavtale med Sogndal kommune, tariffavtale med Utdanningsforbundet og Fagforbundet og eit driftsbudsjett som årsmøte vedtek kvart år. Vi er medlem i PBL (Private Barnehage Landsforbund)

Barnehagen har eige styre som blir valt på årsmøtet. Styret for barnehageåret 2026-27:

Leiar: Mikkel Frodahl

Styremedlem: Torgeir Kjepso Saue og Anne Kjersti L. Rygg

Varamedlemmar: Ingrid Pettersen, Kristian Loftesnes og Madeleine Barmen

Årsplan skal vera eit arbeidsreiskap for personale samstundes som den skal beskrive og dokumentere arbeidet vårt i kvardagen for foreldre, barnehagen sin eigar og andre samarbeidspartnarar. Årsplanen vert godkjend av samarbeidsutvalet for barnehagen. Den tek utgangspunkt i lov om barnehagar, rammeplan for barnehager, og den kommunale strategiplan. Hensikta med rammeplanen er å gi personalet ei forpliktande ramme å arbeide ut i frå. Den skal fungere som ei ramme for barnehagen si planlegging, gjennomføring og vurdering. Rammeplanen byggjer på eit heilskapleg syn på læring. «Barnehagens innhald skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg og leik, læring og danning er sentrale. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse og dei sju fagområda viktige deler av barnehagen heilskapleg syn på læring» (Rammeplanen s.5).

AVDELINGAR OG TILSETTE

Stubben er ein småbarnsavdeling med barn i alderen 1-2 år. Avdelinga har 16 plassar.

TLF: 40441955

Pedagogisk leiar: Silje Fredheim Hauglund

Barnehagelærer: Edith Mundal

Barne- og ungdomsarbeidar: Mai Lisbeth Y. Flåten

Barne- og ungdomsarbeidar: Hege Uglum Vedvik

Barne- og ungdomsarbeidar: Trude Lerum

Assistent: Jorunn Knudsen Husabø

Kongla er ein småbarnsavdeling med barn i alderen 1-2 år. Avdelinga har 13 plassar.

TLF: 40441952

Pedagogisk leiar: Anne Botnen Sjøreng

Barnehagelærer: Line Kalvatn Øvretun

Barnehagelærer: Andrea Fredheim

Barne- og ungdomsarbeidar: Mona Vedvik

Assistent: Hanane Batti

Assistent: Mette Østerbø

Knuppen er ein storbarnsavdeling med barn i alderen 3-6 år. Avdelinga har 18 plassar.

TLF: 40441953

Pedagogisk leiar: Ingvild Hove

Barnehagelærer: Ingvill Skåden

Støttepedagog: Bente M. Lindborg

Barne- og ungdomsarbeidar: Anette Bjørkum

Assistent: Olga Kjølraug

Assistent: Lisa Cecilie Brechan

Kvisten er ein storbarnsavdeling med barn i alderen 4-6 år. Avdelinga har 21 plassar.

TLF: 40441954

Pedagogisk leiar: Camilla Pedersen

Barnehagelærer: Stine Hukset

Støttepedagog: Bente M. Lindborg

Barne- og ungdomsarbeidar: Margaret Dalaker

Barne- og ungdomsarbeidar: Vilde Resaland

Kontoret

TLF: 57671118

Dagleg leiar: Ingrid Synnøve Fønnebø

Nestleiar: Marit Raunehaug Erlandsen

FORELDRESAMARBEID

Barnehagen har mange viktige samarbeidspartnere, og aller viktigst er de føresette.

Barnehagen skal legge til rette for godt samarbeid og kommunikasjon mellom barnehage og heim, og at føresette har høve til reell medverknad. Den daglege og uformelle kontakten med dykk er viktig for barnehagen. For at barna skal ha det trygt og godt i barnehagen er det viktig at informasjonen blir gitt av både føresette og personale. Eit døme på dagleg uformelt samarbeid er levering og hentesituasjonane.



Samarbeidsutvalet i Rones barnehage har 5 medlemmar. 2 representantar frå foreldre, 2 representantar for dei tilsette. Dagleg leiar er og med i samarbeidsutvalet og er bindeleddet inn til styret.

Dette utvalet skal fremme fellesinteressa til foreldre og tilsette, og bidra til at samarbeid mellom føresette og barnehagen skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet for barnehageåret 2026-2027:

Foreldrerepresentantar: Ragnhild Myklemyr og Victoria Brennset

Tilsettere representantar: Anette Bjørkum (Fagforbundet) og Ingvild Hove (Utdanningsforbundet)

Dagleg leiar: Ingrid Synnøve Fønnebø

Barnehagen nyttar KidPlan som kommunikasjonsforum. Her finn de t.d. kalender med planane avdelinga har framover, tavla med informasjon vedrørande kva som skjer i barnehagen og moglegheit til å registrere sjukdom, fri og ferie på barnet. Her registrerast og kva dykk føresette samtykker til vedrørande barnet.

Barnehagen har to foreldremøte i året, eit på hausten og eit tidleg sommar for føresette til nye barn. Barnehagen har to foreldresamlingar med team, der tema blir sett etter innspel frå dykk føresette. Det er ei foreldresamling på hausten og ei på våren. Barnehagen tilbyr og to foreldresamtaler/utviklingssamtalar i løpet av året, men om de har behov for fleire kan de be om det. Alle samtalar vert registrert i Sikker sak, og dykk føresette godkjenner og signerer digitalt på posten signering etter at dykk har lest og godkjent samtalen.

Vi har og fleire arrangement som dykk føresette får ta del i. Sjå foreldredeltakingsplanen med faste aktivitetar og foreldrearrangement.

VISJON RONES BARNEHAGE

OMSORG, TRGGLEIK, GLEDE OG LÆRING, DET GIR SMÅ KROPPAR MASSE NÆRING

Vårt pedagogiske grunnsyn:

- At barn må få kjenne seg inkludert
- Leik, glede og humor er viktig
- Kvant barn er lærande og har moglegheiter
- Barn er nysgjerrige, forskande og skapande
- Vennskap, humor, glede, tryggleik, meistring og inkludering – kvant barn er unike

BARNEHAGEN SITT VERDIGRUNNLAG

Gjennom det pedagogiske arbeidet i barnehagen skal verdigrunnlaget formidlast, praktiserast og opplevast. Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal spegløst i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. (Jfr rammeplanen).

DEMOKRATI

- Inkludere barn i sin kvardag, og la dei få medverke i kvardagen sin.
- Rettleie barn korleis det er å vere ein del av ei gruppe å setje ord på sine tankar/kjensler
- Lytte til barna, sjå etter barna sine ynskjer, behov og meiningar.
- Synleggjere ulike demokratiske prosessar som til dømes turtaking og avstemming.

MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT

- Snakke/samtale om ulikheiter og likheiter. Kva kan vi lære av kvarandre? Og kva kan vi lære av kvarandre i vårt fellesskap?
- Tilretteleggje innhald som interesserer barna
- Lære og kjenne kvant barn og familien (behov, ressursar, nasjonalitet, kultur)
- Respektere kvarandre og ulike kulturar
- Snakke med barna om at vi er ulike og har ulike behov.
- Alle barnehagar i Sogndal markerer Pride ved å heise regnbogeflagget i juni månad og under SognaPride. Me markerer med flagg for å syne at barnehagane i Sogndal kommune er for alle og at alle menneske har rett til å elske den ein vil.

- Barnehaugen støttar Rockesokk som er ein kampanje knytt til Verdsdagen for Downs syndrom, kor målet er å vise støtte og feire mangfald ved å ta på seg to ulike sokkar.

LIKESTILLING

- Leggje til rette for leik og leikeaktivitetar uavhengig av kjønn, alder, språk, funksjonsevne, og gi alle moglegheit.
- Er rollemodell for alle barn
- Er imøtekommande mot alle
- Veit at rettferdigheit ikkje er det same som å gjere likt for alle
- Førebyggje ekskludering i leik og aktivitetar.
- Støtte og rettleie barn i deira val

BERKRAFTIG UTVIKLING

- Leggje til rette for kildesortering og snakke med barn kvifor der er viktig.
- Leggje til rette for positive opplevelser i frisk luft og natur.
- Inspirere og leggje til rette for at barn skal ta vare på naturen, ting rundt oss, seg sjølv og andre.
- Snakke med barn om konsekvensar/begrunne for det vi gjer knytt til berekraftig utvikling for å fremme haldningar hjå barn
- Snakke med barna om «naturens gang»

LIVSMEISTRING OG HELSE

- Leggje til rette for fysiske aktivitetar. Skape rørsle glede og at det er kjekt å bevega seg. Vi vaksne tilbyr ein trygg og god stad å vere, samstundes som ein gir barn utfordringar. At barn blir inkludert i fellesskapet, samtale med barn om kjensler og setje ord på kjensler, gi positiv respons for den dei er og rettleie dei til å handtera motgang.
- Dei vaksne veit kva psykisk helse og sosial kompetanse er, og kva det betyr for barn sin utvikling. Dei vaksne kan tilretteleggje og handle ut frå kompetanse og observasjonar.
- Dei vaksne veit korleis omsorgsvikt, vald og overgrep kan førebyggast og oppdagast, og korleis vi skal handle dersom ein får mistanke.
- Tilby barn ro og kvile gjennom dagen.
- Dei vaksne jobbar for å vere tett på i kvardagen for å unngå uheldige situasjonar.

OMSORG

Å gi barn moglegheit til å gi kvarandre og ta imot omsorg er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse.

- Eit ledig fang
- Trivsel
- Inkludere
- Respekt
- Glede og humor
- Tilhøyrighet
- Nærleik
- Tryggleik
- Tillit
- Meistring
- Ei hand å holde i
- Vere til stades



LEIKEN

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken har ein eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen. Å leika er det viktigaste barnet driv med i vaken tilstand, barnet er heilt avhengig av å kunne leika. Leik er læring, kreativitet og fantasi. I arbeidet med trygt og godt barnehagemiljø er leiken eit viktig verktøy.

Tilsette skal ha respekt for leiken og fridomen som ligg i den, og passa på:

- At det er nok plass og tid til inne- og uteleik.
- Å ha eit fysisk miljø som gir rom for spenning, utfordring og forskning.
- Å gi barna opplevingar som gir inspirasjon til leiken.
- Å ha godt og variert utstyr.
- At alle har nokon å leika med.
- Å hjelpe barn som ikkje kjem inn i leiken med andre barn.
- Å ha eit inkluderande miljø.

Barna har ein indre motivasjon for leik; dette er noko dei gjere fordi det gir glede og meining i seg sjølv. Barna leikar ikkje for å læra, men dei kan læra mykje av å leika og endå meir med tilsette som er involvert i deira leik. I leiken til barna er det difor viktig at me tilsette er med for å knyta saman leiken og læringa som skjer i leiken både inne, men òg i høgste grad ute. Ved å dela barna i små grupper i leik og aktivitet legg me til rette for gode leike- og aktivitetstilsette:

- Skapar meir ro og konsentrasjon for barna.
- Fremjar relasjonar, og kan stimulere til vennskap mellom barna.
- Barn med lik interesse får leika eller gjere den same aktiviteten saman.
- Barna får øving på spesifikke områder som språk, motorikk, og sosiale ferdigheiter.
- Moglegheit for å løysa ei felles oppgåva ved å fordjupa seg i eit tema saman.

- Enklare for tilsette å sjå og leggja til rette for kvart barn i gruppa

LÆRING

Læring skjer på ulike arenaer gjennom heile livet. Læring i det dagleg samspelet med andre menneske og med miljøet, og er nært samanvevd med lek, oppdragelse og omsorg. Danning oppfattar vi som ei livslang læring på mange måtar. Det er ein kontinuerleg prosess i samspel med omgivelsane. Sosial kompetanse, ta vare på, verdiar/normer, respekt, rett/feil, gode folkeskikk og høflegheit er nokre stikkord. Det handlar om at vi skal bli heile menneske.

Barn lærer ved at dei opplever og erfara på alle område. Personale skal ha eit aktivt forhold til barna sin læringsprosess. Nokre barn søker nye læringssituasjonar sjølv og spør når dei lurar på noko. Andre må ha hjelp til å finne og søke læringssituasjonar. Vi utfordrar barn til å verta sjølvstendige og søkjande mellom anna å gi dei utfordringar som dei kan strekkje seg etter.

SATSINGSOMRÅDE RONES BARNEHAGE

Kollektiv kompetanseutvikling – autoritative vaksne

Kollektiv kompetanseutvikling er ei nasjonal tilskotsordning som skal bidra til å styrke det profesjonelle læringsfellesskapet og forbetre praksis slik at det fører til kvalitetsutvikling i barnehage. Det er statsforvaltaren som forvaltar tilskotsordninga. Rones barnehage søkte midlar for å jobbe meir med å ha ein autoritative vaksenstil. Barnehagen fekk tildelt midlar til kollektiv kompetanseutvikling våren 2026. Kompetanseutviklinga skal gå over 2 år, og barnehagen vil i denne perioden ha eit tett samarbeid med HVL.

Dei to siste åra har barnehagen hatt REKOMP midlar der vi har jobba med mat og måltidsglede i barnehage, og vaksenrolla knytt opp mot dette. Den nye kompetanseutviklinga vil bli ei vidareføring av REKOMP arbeidet vi har hatt. Vi kjem og til å vidareføre noko av det vi har jobba med. Vi kjem til å halde fram med kokkeklubb for dei eldste barna, vi skal ha potetåker og grønsakhage, og bruke kokeboka vår aktivt i matlaging. Vi skal skape ein god atmosfære rundt måltidet og nytte samtalekorta vi har laga. Vi kjem og kanskje til å ha kyllingar til våren. Dette er ein god arena for å sjå korleis liv blir til og utviklar seg.

VAKSENROLLA


Me i Rones barnehage jobbar mot at ALLE vaksne skal vere autoritative vaksne.

Korleis vere autoritative vaksne:

- Byggje ein positiv relasjon med barna og meistre balansen mellom varme og kontroll. Den vaksne ser barnets perspektiv og har medverknad i fokus.
- Krav sett ut frå barnets forutsetningar, og den vaksne utøver grensesetjing. Vaksenstilen er prega av varme og respekt for barnet

Alle voksne i Rones barnehage skal:

- Vere anerkjennande
- Vere sensitiv
- Ta ansvar for relasjon
- Tenke på barnets medverknad
- Vere tydeleg
- Forklare grensene for barnet
- Hjelpa barnet å forstå og setje ord på egne kjensler
- Vere konsekvente
- Ha rutinar
- Finne balanse mellom varme og kontroll
- Gi tryggleik og gode rammer
- Vere forutsigbar vaksen



FELLES SATSINGSOMRÅDE MED SOGNDAL KOMMUNE

Rones barnehage er ein av barnehagane i Sogndal kommune, og har felles satsingsområde med dei andre barnehagane i kommunen. Satsingsområda for barnehagar i Sogndal kommune skal bidra til å bygge ein heilheitleg oppvekst for trygge og aktive barn og unge, med fokus på meistring, livsmeistring og førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar.


LEIK

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Me skal gi gode vilkår for leik, og det skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - åleine og saman med andre (Jfr. rammeplan).

Barnehagen skal gi omsorg og tryggleik, skape eit varmt og tillitsfullt miljø, byggje relasjonar, og gi barna ei kjensle av tilhøyrse.

- Personalet skal vere leikande støtte ved å delta i leiken som medspelar, skape spenning, utvide historier, og hjelpe til med å inkludere alle barn.
- Personalet skal hjelpe barn med å løyse konflikhtar, tolke signal, dele, og vente på tur, ofte ved å stille opne spørsmål for å fremje barna si eiga problemløysing.
- Personalet skal vere merksam til stades og respondere på barns behov, interesser og undring, for å skape positive møtepunkt.

- Personalet skal vere rollemodellar og vise grunnleggjande verdiar som respekt, likeverd, solidaritet, og vere ein positiv og humoristisk førebilete. Personalet skal la barna medverke og gi rom for initiativet til barna og medverknad i kvardagen, slik at dei får påverke eigen kvardag.



DIGITAL PRAKSIS

Barnehagen sin digitale praksis skal bidra til barna sin leik, kreativitet og læring. Digitale verktøy blir brukte til å skape digitalt innhald (som bilete, forteljingar, lydopptak), utforske fagområde som realfag/matematikk, og støtte læreprosessane til barna.

- Personalet skal utøve digital dømmekraft i informasjonssøk, kildekritikk og personvern, og utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna
- Personalet skal vere rettleiarar og medskaparar, ikkje overlate barna til skjermen.
- Personalet skal lære barna nettvett, personvern og kritisk tenking, og dessutan ha ei medviten haldning til innhald.
- Digitale verktøy skal inngå som ein naturleg del av eit variert barnehagetilbod, ikkje dominere kvardagen.
- Digitale verktøy gir nye moglegheiter for kreativ utforsking, inkludering, og kan bidra til å førebu barna på ei digital framtid.

TRYGT OG GODT

Barnehagen skal sørgje for at barn har eit trygt og godt barnehagemiljø, men trygt og godt er ikkje nødvendigvis det same. At barnehagemiljøet er trygt betyr mellom anna at barna ikkje skal komme til skade og at barna skal føle at barnehagen er ein trygg stad å vere. Tryggleik handlar også om å vite at barnehagen tek tak om noko skjer. At barnehagemiljøet er godt, kan mellom anna handle om at barna skal trivast i barnehagen, at dei er inkluderte i barnegruppa og opplever å vere viktige for fellesskapen. Det å gå i barnehagen skal vere ei positiv oppleving.

Barnehagelova §42: Barnehagen skal sørge for at barna har det trygt og godt, og alle som jobbar i barnehagen må då følgja med på at barna har det bra. Dersom ein vaksen veit om, eller trur at eit barn blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal hen alltid:

- Gripa inn og stoppa krenkinga med eingong.
- Sei ifrå til styrar i barnehagen.
- Samarbeida med føresette.
- Undersøka kva som har skjedd.
- Setta inn tiltak, og dokumentera tiltaka i BTI stafettlogg, for å sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

SPRÅK, SPRÅKUTVIKLING OG HØGTLESING

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga si, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, songar, litteratur og tekstar frå samtid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, medvit og utvikling. I barnehagen skal barna få høve til å erfare ulike formidlingsmåtar av tekstar og forteljingar, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.

I Sogndalsbarnehagen:

- syter me for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel
- anerkjenn og verdset me barna sine ulike språk og kommunikasjonsuttrykk
- er me bevisste på vår rolle som språklege førebilete
- stimulerar personalet barn sin verbale og non-verbale kommunikasjon og legg til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- bidreg me til at språkleg mangfald vert ei styrking for heile barnegruppa
- bidreg me med å støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt
- møter barna sine ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, songar, litteratur og tekstar



TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

20. juni 2025 vart Sogndal kommune godkjend som trafikk sikker kommune. Trafikk sikker kommune er ei godkjenningssordning for kommunane. Det er Trygg Trafikk som har ansvar for godkjenninga i nært samarbeid med fylkeskommunane. Å bli godkjend er ingen garanti for fråvær av ulukker, men er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og heilheitleg kommunalt arbeid med trafikktryggleik.



Rones Barnehage skal vere ein trafikk sikker barnehage. Det forpliktar oss til å drive trafikktryggleiksarbeid. Vi brukar Trygg Trafikk sitt materialet i arbeidet med trafikktryggleik hos barna. Der blir dei kjende med t.d. figuren Lyset, og Molly og Partner. Målet er at barnehagen skal vere trafikk sikker og skape gode haldningar hos barna, føresette og personalet.

På parkeringsplassen ønsker vi at alle rygger seg på plass.

Vi markerer refleksdagen i oktober og tek ungane med på eit spennande opplegg denne dagen.

Rones Barnehagen nyttar refleksvestar på tur. Vi ønsker og å ha fokus på bruk av sykkelhjelm, korleis me ferdast i trafikken, og vi har trafikk som fast tema kvart år.

FAGOMRÅDA I RAMMEPLAN FOR BARNEHAGE

I Rammeplanen for barnehagar er det sju ulike fagområde som er ein viktig del av arbeidet i barnehagen. I barnehagen er det naturleg å arbeida tverrfagleg og sjå fagområda i samanheng. Me skal arbeida med fagområda både i den frie leiken, organiserte aktivitetar og i kvardagssituasjonar. Til dømes når me går på tur i skogen brukar me nærmiljøet, me får fine naturopplevingar, me får motoriske utfordringar i ulent terreng, me brukar språket til å snakka om det me ser og høyrer rundt oss, filosofera over til dømes kva meitemarken gjere nedi jorda, brukar kreativiteten ved at ein pinne vert til eit sjørøvarsverd og ein gråstein vert til gull, me sortera gule blad og grønne blad som vert til to spennande matrettar i rolleleiken, og plutseleg har me vore innom alle sju fagområda gjennom lek og opplevingar.

Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Barnehagen skal bruke ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk i arbeidet med fagområda. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen (Rammeplan for barnehagen, 2017:47).

1. Kommunikasjon, språk og tekst

Kommunikasjon foregår i eit vekselspel mellom å ta imot og tolke eit budskap og sjølv å vere avsendar av eit budskap. Både den verbale og nonverbale språket er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk.

Me lyttar til, observerer og gir barn respons når dei fortel. Me ønsker å hjelpe barna til å setje ord på kjensler, ønsker og erfaringar og å bruke språket til konfliktløysing. Me nytta aktivt songar, rim, regler, bøker, bilde m.m. og vi har språkgrupper ein gong i veka.

For kvar prosjektperiode vel me ut nokre bøker, tekster som barna får tid til å bli ekstra godt kjent med.

1-2 år Synge, lytte respondere på lydar, herming		2-3 år Syngja, biletbøker, peikebøker, oppmuntre til å bruka ord og omgrep, uttrykkje kjensler, oppleve eventyr
	Leik med språk og tekst	
3-4 år Tid til samtale, dramatisere, eventyr, rim og regler, høgtlesing		5-6 år Bruka språket for å finne løysningar, lage eigne rim og regler, leikeskrive, utforska bokstavar

2. Kropp, rørsle, mat og helse

Vi ønsker at barna skal få ein positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring, og at dei skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige rørsler og utfordringar. Barna skal få vidareutvikle sin kroppsbeherskelse, finmotorikk og grovmotorikk, rytme og motoriske kjensler.

Vi ønsker å gi barna gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider, og utvikle gleda ved å bruke naturen til utforsking og kroppsleg utfordringar. Barna skal få bruke kroppen sin å gå i ulent terreng. Vi går på turar i skogen (Røvhaugane), vi nyttar sanger og eventyr med rørsle. Vi vil og ha fokus på å utvikle forståing og respekt for eigen og andre sin kropp, og for at vi er ulike.

1-2 år Læra å gå, rørsle etter musikk, leik med vatn		2-3 år Snakke om Kropp, teikne, danse, smake på ulike typar mat
	Glede over rørsle, mat og leik	
3-4 år Læra om kroppen sine funksjonar, fysiske utfordringar, rørslesongar, sunn og usunn mat		5-6 år Hoppe tau, regelleikar, kva er sundt kosthald, bestemme over eigen kropp

3. Kunst, kultur og kreativitet

Barna skal få moglegheit til å oppleve kunst og kultur og til sjølv å uttrykke seg estetisk. I barnehagen er vi oppteken av at prosessen er viktigare enn produktet. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Dei vi få erfaring med bilde kunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, arkitektur og design.

1-2 år Musikk, dramaleik, utkleddning, fingermåling		2-3 år Eksperimentere med farger og teknikkar, dans og drama
	Leikande uttrykksformer og kreativitet	
3-4 år Bevisstgjerjing av ulike typar musikk, erfare ulike måleteknikkar		5-6 år Skape rom for barna sin kultur, utvikle sine egne uttrykksformer, kulturell tilhøyrse

4. Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.

Vi ønsker å vere med på å utvikle barnas kjærleik til naturen. Rones barnehage ligg i flotte omgivelser, med mange tur moglegheiter i nær avstand. Vi har også eit fint uteområde i barnehagen med ulent terreng som innbyr til spanande ute aktivitetar (gamal frukt hage). Vi nyttar Røvhaugane og skogen til turar.

1-2 år Leike med vatn, sanse og erfare årstider, lære namn på dyr, undre seg over naturen		2-3 år Oppleva nature, ta med naturen inn, sortere søppel, oppleva naturen med sansane
	Leik og undring i naturen	
3-4 år Lære om tre, planter og insekt, lære om miljøet, lære om eksperiment		5-6 år Samspelet i nature, mennesket i naturen, endringar i naturen, resirkulering, vær og naturfenomen

5. Mengd, rom og form

Barna skal få oppleve gleden over å utforske og leike med tall, matematiske begrep, former og mønster.

I Rones barnehage vert barna kjente med dette fagområdet gjennom spel og regelleikar, samlingsstunder, konstruksjonsleik, eksperimentering med ulike former, mengder. Dei vaksne er beviste på å bruke matematiske omgrep og dømer som stor, liten, tung lett, over/under, kort lang og teljing.

1-2 år Leik med tal, erfare og utforske former og mønster		2-3 år Teljesongar, lære fargenamn, erfare ulike storleikar og former
	Leike og utforske problemløysingar	
3-4 år Lengde, høgd, teljing, lære ulike former, matematiske omgrep		5-6 år Sortering, tal og mengde, gruppering, klokka, enkel addisjon, elling

6. Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing om og undre seg over filosofiske spørsmål frå barna saman med dei.

Vi tar barnas spørsmål på alvor, undrar og tenker saman med barna. Vi har fokus på mangfaldet hjå barna og dei vaksne.

1-2 år Lære bordskikk, lære å låne vekk leiker, vise omsorg, lære om rett og galt		2-3 år Sette ord på kjensler, gi barn tid og rom for undring
	Undra seg over korleis verda fungerer	
3-4 år Tradisjonar rundt høgtider, respekt for kvarandre, lære om konfliktløysing		5-6 år Lære om ulike land og andre menneskesitt levesett, bevisstgjerjing av konfliktløysing

7. Nærmiljø og samfunn

«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda» Gjennom turar og utforsking skal barna få verta kjende med nærmiljøet sitt, det samfunnet dei er ein del av og det som røre seg både i naturen og bygda.

Barna skal få vera med på å utforske og oppdaga nærmiljøet sitt. Dette gjer vi når vi er på turar på Røvhaugane der vi har eigen bål plass med gapahuk, nyttar fjordstien, klatreveggen i Storhallen, Folkehøgskule sit uteområde og sentrum Fjøra.

1-2 år Utforske barnehagen sitt område		2-3 år Me går på tur i barnehagen sitt nærområde
	Leik med varierte aktivitetar i nærområdet	
3-4 år Orienter oss i nærmiljøet, høyre til i ei gruppe, lære om nasjonale minoritetar		5-6 år Lære om bygda vår og landet vårt, lære om dagens samfunn, utvikle sosial kompetanse


DEI YNGSTE BARNA I BARNEHAGEN

For dei yngste er det viktig med nære, omsorgsfulle, trygge vaksne som ser deira behov og gir dei tryggleik. Små barn har eit grunnleggande behov for tryggleik, stabilitet og forutsigbarheit. Når barn opplever tryggleik i samspel med seg sjølv og vaksne har det ein positiv medverknad på læring.

Dei minste har stor glede av å vera saman og tileigne seg kunnskap gjennom kroppslege aktivitetar med store bevegelsar som hoppe, springe, rulle, balansere, skli og sykle. Barna hermar og svarar ved bruk av kroppen og dei kjem i dialog med kvarandre og utviklar vennskap.

Når barn får utfalde seg motorisk ut frå deira modningsnivå, og barna får kjensle av å meistre ulike motoriske aktivitetar er det med på å gjere barn trygge. Det har positiv medverknad på læring seinare. Det er viktig at dei vaksne er gode på å tolke kroppsspråk og undre seg saman med barna.

Vi nyttar mykje song og musikk som er morosamt, fengande og stimulerande for dei yngste. Dei vaksne stimulerer språket gjennom lesing, samtale og ved å setje ord på kvardagsaktivitetar.



OVERGANGAR

Det er viktig at barnet får en god start i barnehagen, gode overgangar når de bytter avdeling og ved skolestart.

BARNEHAGESTART

Alle nye føresette blir i juni invitert til eit foreldremøte for nye foreldre. Der får ein informasjon om barnehagen og ein har moglegheit til å stille spørsmål. Alle får og moglegheit til å sjå den avdelinga barnet skal byrja på. Ein avtalar besøksdagar i barnehagen, og litt om vegen vidare for når ein skal starte i barnehagen.

BYTTE AVDELING

På våren brukar vi tid på at barna som skal bytte avdeling får gjere seg kjende på uteområdet, men og inne på den nye avdelinga. Saman med ein trygg vaksen blir dei kjende på ein god måte. Vi samarbeider mellom avdelingane slik at barna og blir kjende med dei nye vaksne. I ferien slår vi saman avdelingane, og dei som skal bytte avdeling får vere ein del av den nye avdelinga, saman med ein kjend vaksen.

DEI ELDSTE BARNA I BARNEHAGEN – OVERGANG BARNEHAGE/SKULE

Barnehagen skal, i samarbeid med dykk føresette og skulen, legge til rette for en trygg og god overgang frå barnehage til førsteklasse. Det skal vera kjekt å byrja på skulen, difor er det viktig at me gir dei tryggleik på situasjonen det siste året i barnehagen, samtidig som me skal

legge til rette for at dei skal ha med seg erfaring, kunnskap, og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å starte opp i førsteklasse. Dersom det er behov for spesiell tilrettelegging for enkeltbarn skjer dette i nært samarbeid med heimen. I Sogndal kommune har me ein felles plan for overgang barnehage-skule; den er laga med bakgrunn i Samfunnsplan 2021 -2030 for Sogndal kommune, Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen. Planen har som mål å styrkje samarbeidet mellom barnehagane og skulane, og gjere barna kjende med skulen og SFO for å gjere overgangen god.

Barnehagane i Sogndal kommune brukar ein felles mal på overføringsskjema som me går gjennom på siste samtale med foreldre om våren før skulestart. Dette skjema blir utgangspunktet for samtalen mellom barnehage og kontaktlærer før skulestart.

For å trygge overgangen startar vi tidleg med å besøka skulen sitt uteområde. Etter kvart besøker me òg skulen sitt innemiljø. Om våren inviterer skulen oss på besøksdagar, der me får vera med på undervisning saman med skuleklassar og besøka SFO.

På førskuledagen får ein møta klassen sin. Det kjem invitasjon til denne dagen i løpet av mai/juni; det er ein stor dag både for liten og stor. Barnehagetilsette er med barna den dagen òg. Barnehagen og skulen samarbeider om ein god overgang. Me førebur barna, og skulen er klare til å ta imot barna.

I løpet av året inviterer alle barnehagane dei andre skulestartarane på besøk. Då møtes alle barna som skal byrje på skulen, og har felles opplegg, i dei ulike barnehagane.

Alle barna i Rones barnehage som skal byrja på skulen er mykje saman på tvers av avdelingane. Da har vi hareklubb, kokkeklubb, felles turar og andre felles aktivitetar. Hargjengen er saman for å verta betre kjende med kvarandre på tvers av avdelingar før skulestart. Det er viktig å knyte band og danne gode relasjonar, og at alle skal få oppleve noko saman og få nye utfordringar.

Vi set fokus på:

- Samarbeid og å kunne jobbe i gruppe
- Konsentrasjon
- Lytte og kommunisere
- Trafikk
- Grov- og finmotoriske aktivitetar
- Skule relaterte aktivitetar.

PROGRESJON

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til lek, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.

Personalet skal:

- Oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av.
- Planleggje og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn
- Bidra til at barna får meistringsopplevingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter.
- Leggje til rette for fordjuping, attkjenning og gjentakning i innhaldet og arbeidsmåtane til barnehagen. Introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar.
- Sørgje for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr – og gjere desse tilgjengelege for barna.



FORELDREDELTAINGSPLAN 2026/2027

Ein foreldredeltakingsplan er ei oversikt som viser kva moglegheiter foreldre har til å vere involverte i barnehagen gjennom møte, samtalar, arrangement eller aktivitetar. Planen inneheld òg ei oversikt over dagane barnehagen er stengd. Datoar og meir informasjon om dei ulike punkta vil bli lagde ut på tavla og i kalenderen på Kidplan.

- Planleggingsdagar
 - 12.-13.-14. august 2026
 - 06.november 2026
 - 07.mai 2027
- Morgontreff for foreldre siste fredag i kvar måned.
- Foreldrenettverk
- Julefrukost og påskefrukost, foreldre og søsken inviterast på frukost i barnehagen
- Haustkafé
- Foreldredugnad vår og haust/vinter
- Foreldremøte og foreldresamlingar
 - Foreldremøte haust
 - Foreldremøte nye foreldre før sommaren
 - To foreldresamlingar med tema
- Foreldrerådsmøte og årsmøte
- Styremøte, 5 møter gjennom året og ved behov
- Samarbeidsutvalsmøter (SU møter), 5 møter gjennom året
- Foreldresamtalar haust og vår
- 17.mai arrangement i Rones. Reveforeldrene er ansvarlege
- Sommarfest for heile barnehagen. Hareforeldre får ansvarsoppgåver
- Hareavslutning. Barnehagen har ansvaret